



Strategisk næringsplan 2023-2035

Med handlingsprogram for 2023-2024



ALVER
KOMMUNE



Innhald

Innhold	1
1. Innleiing.....	2
1.1 Føremål med strategisk næringsplan	2
1.2 Rammer og mandat	2
1.3 Avgrensingar	3
1.4 Medverknad og forankring.....	3
1.5 Plannivå og verknad	4
2. Analysedelen	5
2.1 Fakta om næringslivet i Alver og Nordhordland.....	5
2.2 Verdiskaping, sysselsetting og alderssamansetting	6
2.3 Status, trendar og fortrinn for næringsutvikling i Alver	8
2.4 Utfordringsbilete for næringsutvikling i Alver	9
2.6 Korleis skal kommunen bidra?	13
3. Næringsstrategi (Strategidelen)	15
3.1 Strategidel – langsiktige satsingsområde.....	15
3.2 Strategiske grep – slik skal vi nå måla våre.....	17
4. Handlingdel - innsatsområde og tiltak 2023 – 2024.....	20
4.1 Handlungsplan på to år - gir fleksibilitet og rom for tilpassing.....	21
4.2 Innsatsområde	21
4.2.1 Framtidsretta industri. Tiltak 2023 – 2024.....	21
4.2.2 Velkomen til attraktive Alver! Tiltak 2023 – 2024	24
4.2.3 Rett kompetanse til morgondagens næringsliv. Tiltak 2023 – 2024	27
4.2.4 Byggje strategiske nettverk og samarbeid. Tiltak 2023 – 2024	29
4.2.5 Oppfølging og rullering av handlingsplanen	30



1. Innleiing

1.1 Føremål med strategisk næringsplan

— Dette er den første næringsplanen for Alver kommune. Gjennom strategisk næringsplan vil kommunen presentere potensial og moglegheiter for ønska næringsutvikling. Planen skal tydeleggjere næringspolitikken og gje ei retning for det kommunale næringsarbeidet dei neste 12 åra. Alver kommune har gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel kome med ein tydeleg visjon for nærings- og utviklingsarbeidet:

Vi vil at det skal vere godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdier i Alver kommune, med vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde og vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen.

..... Dette er ein ambisiøs visjon og den utfordrar oss på å ha ein klar plan for utviklingsarbeidet. I ei tid med mange og store samfunnsendingar er det også viktig å ha ein plan som er fleksibel og kan tilpasse seg endringane. Vi ønskjer derfor at dette skal vere ein plan som tenkjer langsiktig, men som likevel raskt kan tilpasse seg samfunnsmessige høve som kan påverke næringsutviklinga undervegs. Næringsplanen skal byggje vidare på det næringslivet vårt er god på og det som er kommunen sine fortrinn og moglegheiter. I tillegg skal planen avklare forventningar og klargjere korleis kommunen kan bidra til utviklinga, i tett samarbeid med næringslivet og andre utviklingsaktørar. Dette skal vere ein operativ utviklingsplan som gjer kommunen og regionen attraktiv for verksemdar, busetting og fritid.

1.2 Rammer og mandat

Utval for næringsutvikling og drift vedtok 09.02.22 mandat for prosessen med strategisk næringsplan. Hovudmål med prosessen er å utarbeide og vedta ein strategisk næringsplan som følgjer opp ambisjonane i kommuneplanen.

Strategisk næringsplan skal byggje på visjon, mål og strategiar frå samfunnsdelen, og konkretisere hovudmålet som seier at Alver kommune har



eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklynge. Planen byggjer også på eit bredt kunnskapsgrunnlag gjennom ulike overordna planar, strategiar og analyser, mellom anna regional plan for innovasjon og næringsutvikling, Grøn region vestlandsporfølje, regional næringsstrategi i Nordhordland, Vestlandsscenarioene og scenarioanalyse Nordhordland.

Framdriftsplanen for prosessen var å vedta planen i september 2022. Realistisk tidsplan er eit vedtak i løpet av våren 2023.

1.3 Avgrensingar

Arbeidet med strategisk næringsplan skal ta utgangspunkt i mål og strategiar frå kommuneplanen, det skal ikkje formulerast ikkje eigne mål eller strategiar. Næringsplanen skal vere handlingsretta og konkret på tiltaksnivå. Arbeidet med planen skal avdekke kva handlingsrom kommunen har for å oppnå måla frå samfunnsdelen, og avklare kva tiltak kommunen sjølv ønskjer å nytte innanfor dette handlingsrommet. Den strategiske næringsplanen skal i hovudsak vere konsentrert om kommunen si rolle i tilrettelegginga for næringsutvikling, og prestere tiltak som kommunen sjølv rår over. Næringsplanen skal også klargjere kommunen si rolle og oppgåver i tilrettelegging for næringsutvikling.

1.4 Medverknad og forankring

Medverknad i planarbeid er viktig, og det er avgjerande å samarbeide tett med næringslivet, utviklingsaktørar, verkemiddelapparat og næringslivet sine representantar i prosessen med næringsplanen. Dette er viktig for å få eit realistisk bilete av status, utfordringar, moglegheiter og behov i næringslivet. I ei tid med store og raske endringar, har det vore vesentleg å hente innspel frå flest mogleg aktørar og kunnskapsrapportar. Viktige innspel og råd er henta inn gjennom fysiske innspelmøte med ulike bransjar og har blitt behandla saman med analysedata og rapportar henta frå regionen og fylke dei siste åra. Behandlinga av alle data har blitt lagt jamleg fram for styringsgruppa og referansegruppa, som har kome med viktige innspel og justeringar undervegs.



Kunnskapsgrunnlaget frå samfunnsdelen er også nytta som grunnlag i næringsplanen.

Oversikt over aktørar som har bidratt i prosessen:

- Styringsgruppe: politisk utval for næringsutvikling og drift
- Referansegruppe: Nordhordland Næringslag, Industriutvikling Vest AS og Klar Bedrift
- Innspelsmøter med ulike bransjar i næringslivet: industri, landbruk, havbruk, handel og service, reiseliv og kulturnæring
- Region Nordhordland IKS
- Vestland fylkeskommune, ved avdeling for innovasjon og næringsutvikling

Oversikt over kunnskapsgrunnlag, analyser og relevante dokument:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Scenarioanalyse Nordhordland 2021, EY
- Vestlandsscenarioene Rapport 2020, EY
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, Vestland fylkeskommune
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, Vestland fylkeskommune, handlingsprogram og årsplan
- Grøn region Bergensregionen, EY
- Regionrådets regionale næringsstrategi
- Statusrapport for Greenspot Mongstad, EY
- Smart spesialisering som metode for regional næringsutvikling, Regjeringa
- Lærdommar frå gode vertskommunar for næringsutvikling 2021, KS
- Overordna kommunale planar: kommuneplanen sin arealdel, andre områdeplanar, arealplanar og relevante fagplanar

1.5 Plannivå og verknad

Strategisk næringsplan er ein temaplan og vedtatt gjennomført gjennom kommunal planstrategi. Planen inneheld ein strategidel som er langsiktig og



ein toårig handlingsdel med tiltak, som vert følgd opp gjennom årlege rulleringar. Planen vert lagt inn i Framsikt, det kommunale verktøyet for heilskapleg verksemdstyring. Her vert planen direkte kopla opp mot kommunens økonomiplan og verksemdsplan. Ansvar for oppfølging av planen ligg både hjå kommunen og hjå næringslivet, og eit tett og godt samarbeid er viktig for at planen sine målsettingar skal bli nådd på best mogleg måte.

2. Analysedelen

Føremålet med analysedelen er avdekke gapet mellom der vi står i dag og mål og strategiar i samfunnsdelen. I denne delen blir tal og fakta for næringslivet presentert. Med bakgrunn i fakta og tal er det lagt fram ei analyse over utfordringar og moglegheiter for næringslivet i kommunen/regionen. Analysen peikar på nokre hovudutfordringar som vi bør løyse gjennom planen.


2.1 Fakta om næringslivet i Alver og Nordhordland

Alver er den største kommunen i regionen, og olje og gass er klart største næring målt i verdiskaping. Aktiviteten på Mongstad med oljeraffineri, råoljeterminal og forsyningsbase med leverandørindustri er ein særskilt viktig arbeidsplass for kommunen og regionen. Alver står for 56.7 % av verdiskapinga i Nordhordland (2019). I tillegg til olje- og gassnæringa er det stor verdiskaping i bygg, anlegg, eigedom, tenesteyting og varehandel. Tal frå 2019 tyder at sysselsettingsgraden er på 67 % og verdiskaping per sysselsett i privat sektor var kr 947 122. Forventa folkevekst fram mot 2050 er stipulert til å vere 13 %. Netto pendling inn til kommunen var – 3523 i 2019 (Scenarioanalyse for Nordhordland, EY, 2021). Meir enn halvparten av bedriftene i Nordhordland held til i Alver. Kommunen huser også mange store verksemdar. Seks av dei ti største verksemdene i Nordhordland med over 100 sysselsette er lokalisert i Alver.



2.2 Verdiskaping, sysselsetting og alderssamansetting


Figur under viser verdiskaping i Alver kommune per bransje, vist i kr (2019).



Dette viser at kommunen har eit næringsliv som er prega av olje og gass, og det er stor avstand til andre næringar. Den posisjonen vi har innan olje og gass gjer oss ei verdiskaping og konkurranseposisjon som det er utfordrande å erstatte med nye grønne næringar.




Denne figuren viser sysselsatte per bransje.



Kjelde: Scenarioanalyse for Nordhordland, EY (2021)

Arbeidsstyrkens aldersfordeling. Alver 2021



Over 20 % av dei sysselsatte personane som bur i Alver er over 55 år.



2.3 Status, trendar og fortrinn for næringsutvikling i Alver

Det er få regionar på Vestlandet som har gjort ei så grundig kartlegging av samfunns- og næringsutvikling, som det Nordhordland har gjort dei siste åra. Regionen har vore gjenstand for mange analysar angående verdiskaping, kompetanseutvikling, omstillingsbehov og ringverknader. Resultata er mellom anna synleggjort i scenarioanalyse Nordhordland 2021, EY.

Her kjem det fram at Nordhordland har vore og er ein stabil region som i liten grad har blitt negativt råka av kriser. Dette viser tal frå både finanskrisa i 2008/09 og oljekrisa i 2014/15. I 2020 vart Nordhordland på lik line med alle regionar og fylke ramma av Covid-19, samt låg oljepris, men effekten målt i negativ sysselsettingsutvikling har vist seg relativt liten og forbigåande. I skrivande stund, seinhaustes 2022, er vi inne i ei tid der både næringsliv og innbyggjarar har merka kraftig pris- og avgiftsauke, og framtidsbilete for fleire næringar kan verke usikre og uavklarte som følgje av dette. Arbeidsløysa har vore låg gjennom desse krisane og er framleis låg.

Nordhordland er ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion basert på industri med ein verdiskapingsmotor konsentrert rundt Fensfjordbassenget. Aktivitetsnivået har vore og er knyta til olje og gass, som igjen har skapt store ringverknader, samfunnsbidrag og høg kjøpekraft. Scenarioanalysen (2021) viser til at regionen har ein ringverknadsfaktor på 2,4 %, som tyder at éin direkte arbeidsplass fører indirekte til 2,4 nye arbeidsplassar. Store delar av aktiviteten rundt Fensfjordbassenget er knytt til logistikk, vedlikehald og prosessering. Desse segmenta er relativt stabile og mindre eksponert for svingingar enn prosjektorienterte delar av verdikjeda.

Omstilling til ny og grøn næringsutvikling er i gang i regionen og berekraftig innovasjon tar form på fleire område. Krigen i Ukraina har medført auka etterspørsel etter olje og gass i ei tid der ein hadde rekna med ei raskare nedbyggingstakt. Dette gir positive ringverknader for fleire næringar i vårt område når det gjeld aktivitet og økonomi, men set oss også under lupa ved at raffineriet på Mongstad framleis er Noregs største punktutsléppspunkt av CO₂. Samstundes kan dette medføre utfordringar på sikt, ved at høg etterspørsel og aktivitet innanfor noverande produksjonsområde kan gå ut over ressursbruk til innovasjon innafor det grønne skiftet. Det er utfordrande for verksemdene at dei både skal fortsetje noverande drift maksimalt, og



samtidig vere konkurransedyktig på heilt nye, innovative område. Særleg kan dette vere krevjande for mindre og mellomstore verksemdar som ikkje har egne avdelingar for innovasjon og utvikling. Alver kommune har inntrykk av at mange verksemdar investerer mykje ressursar på innovative område, og dei er opptatt av sirkulærøkonomi og ei berekraftig drift med lågare klimaavtrykk.

Ein av dei største fordelane i næringslivet i Nordhordland, er allsidig og omfattande industrikompetanse. Denne kan i stor grad nyttast i overgangen til det grønne skiftet, med påfyll av utdanning, kurs og sertifiseringar. Med eit stadig behov for fleire tilsette, er det særskilt viktig å nytte den kompetansen som er i regionen og tilby målretta kompetansepåfyll etter behov. Dette fordrar tett og konkret dialog mellom næringslivet og utdanningsinstitusjonane.

Alver kommune og regionen har i dag ei verdiskaping som i stor grad er avhengig av olje og gass, og skal regionen oppretthalde og utvikle sin konkurranseposisjon er det kritisk viktig å lukkast med det grønne skiftet parallelt med kontinuerleg omstilling av eksisterande industri. Det er fleire barrierar i denne omstillingsfasen, som til dømes infrastruktur, kompetanse og attraktivitet. Tett offentleg/privat samarbeid og nye partnerskapsmodellar vil vere viktige suksessfaktorar for å lukkast i målet mot å omstille noverande industri og tiltrekke seg nye verksemdar. Greenspot Mongstad er eit viktig initiativ for å sikre etablering av nye og grønne næringar.

2.4 Utfordringsbilete for næringsutvikling i Alver

For å kunne oppnå ei konkurransedyktig, berekraftig og framtidssretta næringsutvikling, må kommunen ta utgangspunkt i fortrinn, moglegheiter og sentrale utfordringar. I prosessen med næringsplanen er det henta innspel frå ulike bransjar. Desse innspela, saman med kunnskapsgrunnet, vil danne grunnlaget for eit utfordringsbilete. Innspela er også sett opp mot mål og strategiar frå kommuneplanen sin samfunnsdel.

Utfordringsbilete er samansett av både internasjonale, nasjonale, regionale og lokale faktorar. Under er det lista opp ulike utfordringar næringslivet har spelt inn og dette er delt dei inn i følgjande tema: **kompetanse, areal,**



infrastruktur og berekraftig industri, landbruk, skogbruk og havbruk, handel og tenester, reiseliv og kulturopplevingar.

Først vil vi løfte fram nokre hovudutfordringar som planen bør løyse gjennom ulike innsatsområde og tiltak.

Hovudutfordringar for næringsutvikling

- Olje og gass bidrar mest i forhold til verdiskaping og sysselsetting. Korleis skal vi oppretthalde konkurranseposisjon og verdiskaping i overgang til det grønne skiftet?
- Det er stor mangel på arbeidskraft og kompetanse.
- Plug and play. Vi må vere i forkant og leggje til rette for areal og infrastruktur til å bygge ny grøn industri (kraft, vatn, regulert areal, digital infrastruktur, samferdsel etc.).
- Vi samarbeider godt, men samarbeidskulturen er ikkje strategisk nok.
- Vi manglar ei målretta profilering av regionen – nokon må ta eigarskap på vegne av alle.
- Vi treng å nytte UNESCO biosfære som eit fortrinn i berekraftig næringsutvikling.
- Kommunen og regionen blir ikkje opplevd som attraktive nok for busetting og fritid, dette er viktig for verksemdene. Vi treng attraktive tilbod som tiltrekkjer både innbyggjarar og verksemdar. Døme på dette kan vere svømmehall og kulturhus.

Utfordringar kompetanse

- Det er stor mangel på arbeidskraft, særleg innan helse og industri. 20 % av dei som jobbar innan helse er over 55 år.
- Det er stor etterspørsel etter fagarbeidarar innan industri, særleg på Mongstad. Verksemdene på Mongstad opplever at det er krevjande å få fatt i rett kompetanse på grunn av lang reiseveg, og at mange unge arbeidstakarar gjerne ønskjer å bu i Bergen.
- Det er lite samarbeid med forskings- og utdanningsinstitusjonar (FoU)
- Det er lite klyngesamarbeid mellom bedriftene.
- Det er positiv tilflyttingsgrad til Alver, men mange tek ikkje jobbane med seg. Særleg unge, nyutdanna ønskjer å bu i Bergen.



- Det er færre arbeidsinnvandrere etter pandemien, fordi mange har returnert til heimlanda eller andre land.
- Det er lekkasje av elevar til vidaregåande skular i Bergen. Elevar i ungdoms- og vidaregåande skule treng hjelp til bevisstgjerung av utdanningsval som matchar arbeidslivets behov.
- Potensialet med restarbeidsevne er ikkje godt nok synleggjort og nytta.
- Vi har ikkje fremma vidaregåande skule godt nok. Kvaliteten er god og konkurransedyktig.

Uffordringar areal, infrastruktur og berekraftig industri

- Det er ein ein-sidig næringsstruktur som gjer oss sårbare i møte med omstillingar.
- Det er forventa at nedgang i olje- og gassproduksjon vil etterlate seg eit gap som må dekkast for å oppretthalde sysselsetting og velferdsnivå.
- Næringslivet etterlyser tydelegare planar og strategiar for satsing på hydrogenfabrikk, batterifabrikk, stålverk, vindkraft etc.
- Vi må sikre kraftforsyning som kan bidra til ny industriutvikling.
- Enkelt næringsparkar i sentrale strom manglar ledig areal.
- På Mongstad er det mykje næringsareal som ikkje er regulert.
- Generelt har vi for lite tilrettelagt næringsareal for å vere konkurransedyktige.
- Grøn omstilling krev fortetting av næringsareal og samarbeid mellom aktørar
- Veggen mellom Klauvaneset og Vågsbotn er ein flaskehals som er med på å hindre etablering. Vi tapar i konkurranse med områda rundt Bergen.
- Vi har mykje industrikompetanse, og ein forventar auka grad av digitalisering og robotisering framover. Dette krev ny kompetanse som vi må legge til rette for.
- Vi har mange SMB verksemder i vår region. Det få av desse som har eigne ressursar til innovasjon og forretningsutvikling.
- Vi er også svake på skalering og pilotering til større marknader.



Uffordringar landbruk og skogbruk

- Alver er ein av dei største landbrukskommunane i Vestland, men mange av bruka er små og krev tilleggsnæring for å sikre heiltidsdrift.
- Klimaendringar gir utfordringar med tetting av grøfter og flaum på beite.
- Nedlegging av drift medfører attgroing av kulturlandskapet.
- Mange nye bønder treng auka kompetanse om drift og utvikling av gardsbruk.
- Alver har eit aktivt skogbruk, men dårleg tilstand på vegar hindrar lønnsam uthenting og sal, i ei næring som er stor i vår region og gjer arbeidsplassar. Omlasting er kostbart.

Uffordringar havbruk

- Om ein skal auka produksjon og eksport i tråd med overordna mål, må ein utvida områda for produksjon.
- Det er utfordrande med satsing i eit raudmerka område.
- Klimavenleg avfallshandtering må kome meir i fokus.
- Vi må satse meir på teknologiutvikling og lukka anlegg.

Uffordringar, handel og tenester

- Handelslekkasje oppstår fordi vi ikkje er sjølvforsynt med tilbod til heile kundegruppa.
- Langvarig vegarbeid er ei forstyrrende utfordring. Næringa etterspør jamleg samarbeid om vidare planarbeid for infrastrukturutvikling.
- Det er viktig å sikre at det blir attraktivt for barnefamiljar å busetje seg i sentrumsområda i kommunen.




Uffordringar reiselivs- og kultur nærings

- Vi manglar "fyrårn" og trekkplaster som sikrar meir besøk
- Nærings manglar samarbeidskultur, føreseielege opningstider, kvalitetsnivå, risikovilje og risikokapital for å gjere Alver til eit meir attraktivt og berekraftig reisemål.
- Nærings er for dårleg på produktutvikling og samarbeid om pakke tilbud.
- Det er for få som driv med reiseliv som heilårsnærings.
- Nærturistmarknaden har eit unyttet potensial.
- Reisande (særleg utanlandske) etterspør i større grad klimavenlege reisemål. Mange turoperatørar set klimastempel som et absolutt krav.
- Reiselivet står overfor eit paradigmeskifte der tenester har vore underprisa og uorganiserte av for mange som driv med reiseliv som ei tilleggsnærings. Det manglar kassaapparat som sikrar inntening.
- Innbyggjarar etterspør symjehall, kulturhus og andre attraktive kulturtilbud.
- Det er grunnleggjande mangel på rimelege lokale til kultur nærings.
- Det etterlysast eit større samarbeid i mellom aktørar i kultur nærings.

2.6 Korleis skal kommunen bidra?

Skal kommunen og regionen sikre ein strategisk utvikling av næringslivet, er det viktig å klargjere roller mellom ulike utviklingsaktørar. Døme på dette er kommune, regionalt nivå, næringsorganisasjonar og utviklingsselskap. I scenarioanalysen (2021) vert det peika på at regionen bør tydeleggjere rollene mellom dei ulike aktørane (Sjå figur under). Og det vart foreslått at kommunen skal ha ein rolle som tilretteleggjar, planleggjar og forvaltar. Fordeling av roller og ansvar har vore aktivt drøfta mellom aktørane i regionen, og dette har bidratt til ei klargjering.



Kjelde: Scenarioanalysen Nordhordland EY, 2021

Alver kommune støttar denne rollefordelinga frå scenarioanalysen, men det er også viktig å få fram at kommunen er ein aktiv pådrivar, initiativtakar og vertsskap for å få til utvikling. I næringsutviklingsarbeidet blir det derfor lagt opp til at Alver kommune skal ha tre klare roller; tilretteleggjar, forvaltar og pådrivar. Det vil leggjast opp til tettare dialog med regionen Nordhordland om arbeidsfordeling og prioriteringar på ulike satsingsområde framover.

Kommunen som tilretteleggjar

Kommunen skal yte gode tenester, vere ein aktiv samarbeidspartnar og gjere det attraktivt for verksemder å etablere seg og drive næring i Alver.

Kommunen som pådrivar

Kommunen skal vere ein aktiv pådrivar for utviklingsprosjekt i samarbeid med næringsliv og andre utviklingsaktørar. Kommunen skal jobbe aktivt for å tiltrekke seg nye verksemder, kunnskap og kapital til regionen.

Kommunen som forvaltar

Kommunen skal ivareta samfunnsutvikling med fokus på berekraftig vekst i forhold til overordna politikk, lover og forskrifter.



3. Næringsstrategi (Strategidelen)

Næringsstrategien bygger på mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel, vedtatt 19. mai 2022. Næringsstrategien har eit 12-års perspektiv og skal peike ein retning for næringspolitikken i kommunen. Næringsstrategien skal bidra til å løyse dei hovudutfordringane som planen skisserer, og består av to delar:

- **Strategidel** – langsiktige satsingsområde og strategiske grep.
- **Handlingsdel** - definerte innsatsområde dei to neste åra med tiltaksplan.

3.1 Strategidel – langsiktige satsingsområde

Sjølve næringsstrategien tar utgangspunkt i to av hovudmåla i samfunnsdelen:

- 1) Alver er eit berekraftig samfunn, med attraktive senter og levande bygder og grender.
- 2) Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som Norges fremste industriklynge.

Under desse hovudmåla ligg det delmål og strategiar som legg føringar på kva kommunen skal satse på dei neste 12 åra. For å klargjere prioriteringane er det valt å sortere mål og strategiar i fire langsiktige satsingsområde:



Desse fire satsingsområda er vald med bakgrunn i konkurransefortrinn og omsyn til kva for område det er behov for omstilling og utvikling.



Mål og strategiar frå samfunnsdelen under kvart av satsingsområda:

Industri, Mongstad og Fensfjorden
<p>Mongstad og Fensfjordbassenget er eit leiande nasjonalt industriområde for grøn industriutvikling</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi skal samarbeide med bedriftene for å sikre rammevilkår for berekraftig industriutvikling.• Vi skal ha byggjeklart næringsareal med tilhøyrande infrastruktur på Mongstad.
<p>Næringslivet i Alver er mangfaldig og konkurransedyktig</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi skal gjere det attraktivt å drive og etablere verksemder og næringsklynger i Alver.• Vi skal jobbe for å tiltrekke og utvikle rett kompetanse og arbeidskraft.
<p>Arealintensiv næring ligg langs hovudvegnettet.</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi skal satse på fortetting og utvikling av eksisterande næringsområde med tilrettelagt infrastruktur.
Landbruk og havbruk
<p>Næringslivet i Alver utnyttar potensialet for verdiskaping i sjø og kystnære område.</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi skal ha oppdaterte arealplanar for utvikling i sjø og kystnære område.• Vi skal aktivt leggje til rette for berekraftig næringsetablering knytt til sjø, kyst og kystnære område.
<p>Landbruksnæringa i Alver er aktiv og utviklingsorientert</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi skal leggje til rette for god produksjon og aktiv drift av eksisterande landbruksareal.• Vi skal leggje til rette for eit aktivt skogbruk.• Vi skal støtte utvikling av tilleggsnæringar.• Vi skal nytta massar frå utbygging som ressurs for forbetring av jordbruksareal.• Vi skal ha ei sterk landbruksforvaltning. Kommunen skal yte god hjelp og støtte til å ta vare på og vidareutvikle eit robust, lokalt landbruk som er i stand til å produsere viktige matvarer med god kvalitet.
Kompetanse og teknologi
<p>Næringslivet i Alver er mangfaldig og konkurransedyktig</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi skal gjere det attraktivt å drive og etablere verksemder og næringsklynger i Alver.• Vi skal jobbe for å tiltrekke og utvikle rett kompetanse og arbeidskraft.• Vi skal etablere og vidareutvikle samarbeid mellom kommunen, næringsliv, utdannings- og forskingsmiljø om kompetanseutvikling og innovasjon.• Vi skal jobbe for å etablere utdanningstilbod knytt til behova i næringslivet vårt.• Vi skal bidra til utvikling av nye næringar på område der kommunen og regionen har eit fortrinn, til dømes med Mongstad og Region Nordhordland Helsehus.• Vi skal ha byggjeklart næringsareal med tilhøyrande infrastruktur.
<p>Alver er eit klimavenleg samfunn og rusta til å møte eit klima i endring.</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi skal satse på gjenbruk, sirkulærøkonomi, energieffektivisering og reduksjon av klimagassutslepp.
Oppleving, handel og lokalsamfunn
<p>Nye bustader, handel, tenestetilbod og kontorarbeids-plassar er i stor grad lokalisert i definerte senter.</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi skal utvikle gode bu- og nærmiljø for dei som bur og lever i sentera.• Vi skal leggje til rette for framtidretta infrastruktur og mobilitetsløyser.
<p>Alver har levande bygder med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi skal sikre digital infrastruktur i heile kommunen.




- Vi skal ha effektive, trygge og tilrettelagde transportårer for innbyggjarar og næringsliv.
- Knarvik er eit senter med attraktive tilbod, arenaer og møteplassar for heile regionen.**
- Vi skal utvikle Knarvik til eit urbant sentrum med tilbod og tenester som naturleg høyrer heime i eit regionsenter.
 - Vi skal utvikle Knarvik som eit regionalt knutepunkt for kollektivtransport, med effektive og berekraftige tilbod mellom regionen og Bergen sentrum.
- Alver er eit attraktivt reisemål.**
- Vi skal bidra til at reiselivet utnyttar potensialet til å utvikle og byggje opp nye attraktive opplevingar.
 - Vi skal støtte lokale reiselivsaktørar, og marknadsføre Alver som reiselivsdestinasjon.
- Alver har kulturhus og svømmehall i regionsenteret.**
- Vi skal samarbeide med næringsliv, frivilligheita, fylkeskommunen og andre relevante instansar for å få på plass eit regional kulturhus og svømmehall.

3.2 Strategiske grep – slik skal vi nå måla våre

Dei langsiktige satsingsområda med mål og strategiar vil ligge fast i planperioden (2023 – 2035). Men det er viktig å avklare kva for strategiske grep kommunen må gjere for å utvikle seg målretta innafor kvart av satsingsområda. Dei strategiske grepa skal vise korleis vi saman kan bidra til å nå måla og vise kva verktøy som skal nyttast.

For å sikre at Alver kommune er ein attraktiv næringskommune er det valt fem strategiske grep som går på tvers av satsingsområda.





Strategiske grep – beskriving

Framtidsretta næringsliv

Alver kommune er eit biosfæreområde - og skal vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Det betyr at kommunen og regionen må vere i front nasjonalt og internasjonalt, for å leggje til rette for grøn og berekraftig næringsutvikling. Vi må sikre ein god overgang frå petroleumsnæring til grøn industri, slik at vi oppretthalde vår konkurranseposisjon og velferd. Vi skal vere ein pådrivar for å etablere nye berekraftige næringar og kompetanseområde, og aktivt støtte opp om gründerar og entreprenørar som vil sikre ein berekraftig vekst.

Attraktiv vertskommune

Alver kommune ligg tett på landets nest største by, noko som er eit fortrinn for å sikre framtidig vekst. Vi skal vere ein magnet og tiltrekke oss nye innbyggjarar, bedrifter og investorar. Alver skal ta ei aktiv regional utviklingsrolle og bidra til at heile regionen utviklar seg. Vi skal vere tett på og sjå nærings- og stadutvikling i ein samanheng. Vi skal utvikle tilbod som gjer det attraktivt å bu, jobbe og leve i heile Alver. Vi skal kjenne næringslivet vårt og deira behov, det skal vere korte linjer og gode møteplassar mellom næringsliv og kommune. Vi skal ha oppdatert planverk og sikre gode rammevilkår for vekst. Vi skal vere eit godt vertsskap og yte god service, og vi skal prøve å vere løysingsorientert i møte med næringslivet sine behov. Vi skal også vere ein døropnar og ein pådrivar for å prøve ut nye marknader.

Målretta kompetanseutvikling

Alver kommune og regionen har ein unik industrikompetanse bygd på 40 år med petroleums- og prosessindustri. Og vi er best på å byggja kompetanse retta mot behovet. Dette må vi fortsette med! Industrikompetansen må vi byggje vidare på når vi skal vere eit nasjonalt tyngdepunkt innan grøn industri. Vi må jobbe målretta med å sikre oss rett kompetanse og arbeidskraft, og vi må ha utdanningstilbod og kompetansetiltak som treff det framtidige behovet. Dette må vi gjere saman – kommune, næringsliv, FoU-miljø og utviklingsaktørar. Vi må jobbe langsiktig, slik at kommunen sine eigne ungdomar vil busette seg og arbeide i regionen. Alver skal satse på arbeid og integrering, slik at fleire kan ta del i arbeidslivet.



Regionalt samarbeid

Alver kommune er største kommune i Nordhordland og ein sentral del av Bergensregionen og Vestland fylke. Utvikling krev samarbeid på fleire nivå, og det er viktig å bygge strategiske nettverk og samarbeid i eit regionalt perspektiv. Etter at Alver kommune blei etablert, er dynamikken mellom aktørane i Nordhordland endra. Alver er den største kommunen og bør ta ei anna regional rolle enn før kommunesamanslåinga. Alver skal også ta del i den heilskaplege regionale utviklinga, fordi næringslivet ser sjeldan til kommunegrenser. Kommunar, næringsliv og utviklingsaktørar må jobbe saman for å utvikle regionen. Vi er ein felles bu- og arbeidsmarknad, og det som er bra for ein kommune er ofte bra nabokommunen.

Tilgang til investorkapital for oppstarts- og vekstbedrifter

Tilgang til kapital er nøkkelen til vidare industriutvikling i regionen. Historisk sett har det vore få investormiljø og finansinstitusjonar i Nordhordland. Raffineri, forsyningsbase og lokale entreprenørar har vore grunnlaget for industrisatsinga. Dei seinare åra har regionen fått på plass nokre nye investormiljø som vil satse på berekraftig industri – og det er bra! Men vi må jobbe aktivt for å sikre at fleire finansielle aktørar vil satse i Nordhordland, både til større industrisatsingar og til investering i enkeltverksemdar.



4. Handlingdel - innsatsområde og tiltak 2023 – 2024



Næringsstrategien peiker på fire satsingsområde og fire strategiske grep. Prioriteringane i denne handlingsdelen skal bidra til å gjennomføre dei strategiske grepa. I første del av planperioden er det viktig å byggje den nye kommunen, byggje nettverk og starte nødvendig arbeid med omstilling. Derfor vil handlingsdelen prioritere desse innsatsområda i 2023-2024:

- Framtidsretta industri
- Velkomen til attraktive Alver!
- Rett kompetanse til morgondagens næringsliv
- Bygge strategiske nettverk og samarbeid

Innsatsområda løftar fram prosjekt, aktivitetar og prosessar som vil støtte opp om rundt innsatsområda. Desse tiltaka kjem i tillegg til basisoppgåver som ikkje er ein del av handlingsdelen, mellom anna forvaltning av støtteordningar, høyringssvar, analyse av ulike data, kommunikasjon med næringsaktørar og deltaking i ulike nettverk og eksterne prosjekt.



4.1 Handlingsplan over to år - gir fleksibilitet og rom for tilpassing

Handlingsplanen strekkjer seg over to år. Samfunnet vårt er utsett for raske og omfattande endringar med globale og nasjonale påverknader knytt til klima og natur, energiomstilling, prisendring på varer og teneste, digitalisering og mobilisering i arbeidslivet. Kommunen skal til ein kvar tid vere påkopla, oppdatert, fleksibel og tilpassingsdyktig i møte med næringslivet sine behov. Etter to år kan kommunen vurdere nye innsatsområde og tiltak, for å følgje opp mål og strategiar i den langsiktige strategien.

4.2 Innsatsområde

Dette er dei viktigaste innsatsområda i 2023 og 2024. Under kvart innsatsområde blir det lagt inn tiltak og aktivitetar. Tiltaka er ikkje presentert i prioritert rekkjefølgje.

4.2.1 Framtidsretta industri. Tiltak 2023 – 2024

Alver har eit petroleumsbasert næringsliv med ei verdiskaping på over 50 % frå olje og gass. Kommunen og regionen må ta grep for å sikre omstilling til eit grønar næringsliv. Dette skal skje samtidig som vi må klare å oppretthalde vår konkurranseposisjon.

Tiltak og aktivitet	Type oppgåve	Kommunen sin rolle	Mål og strategiar i samfunnsdelen	Kommentar
Prioritere prosjektet Greenspot Mongstad til kommersiell utvikling og grøn omstilling på Mongstad	Prosjekt	Aktiv deltakar og partner	Mongstad og Fensfjordbassenget er eit leiande nasjonalt industriområde for grøn industriutvikling Vi skal satse på gjenbruk, sirkulærøkonomi, energi-effektivisering og reduksjon av klimagassutslepp	Kommunen bidrar med kr 500.000 per år til 2024. Kommunen sit i styret og deltar aktivt i ulike aktivitetar



Utarbeide ein Fensfjordstrategi i samarbeid med kommunar og næringsliv rundt fjorden.	Prosjekt	Prosjekteigar eller deltakar	Mongstad og Fensfjordbassenget er eit leiande nasjonalt industriområde for grøn industriutvikling	Ta initiativ til eit prosjekt saman med Austrheim, Gulen og Masfjorden. Industriutvikling Vest (IUV) og Klar Bedrift bør vere samarbeidspartnarar i arbeidet med Fensfjordstrategi
Utarbeide ei behovsanalyse for å sikre byggeklart næringsareal og infrastruktur på Mongstad og i resten av kommunen	Utgreiing og analyse	Prosjekteigar	Mongstad og Fensfjordbassenget er eit leiande nasjonalt industriområde for grøn industriutvikling Vi skal ha byggeklart næringsareal med tilhøyrande infrastruktur på Mongstad	Analysen blir utarbeida som eit grunnlag for kommuneplanen si arealdel (KPA)
Vere pådrivar og samarbeide om å betre kraftsituasjonen for sikre energi til store omstillingsprosjekt	Diverse Prosjekt og prosessar	Samarbeids partnar	Vi skal vere ein pådrivar og arbeide for å sikre rammevilkår for berekraftig industriutvikling	Jobbe tett med ulike aktørar for å sikre nok kraft til regionen
Vurdere nye nullutsleppsløysingar i transportsektoren. Bruke Miljøløftet som verktøy	Diverse prosjekt	Prosjekteigar eller deltakar	Vi skal gjere det enklare for innbyggjarane å gå, sykle nytte kollektiv og nullutsleppstransport Vi skal ha effektive, trygge og tilrettelagte transportårer	Oppfølging av Miljøløftet - sikre berekraftige og attraktive lokalsamfunn, og mindre bruk av personbil
Alver kommune skal ha tett dialog med IUV om potensial for	Samarbeid	Samarbeids partnar	Vi skal samarbeide med bedriftene for å sikre rammevilkår for	Jobbe tett med utgangspunkt i samarbeidsavtalen



utvikling av næring knytt til eksport			berekraftig industriutvikling	mellom IUV og Alver kommune
Gjennomføring av ei kartlegging for å avklare utfordringane i skogbruksnæringa i Alver. Dette skal vere eit samarbeid mellom næringa og kommunen	Analyse	Samarbeids-partnar	Vi skal leggje til rette for eit aktivt skogbruk.	Samarbeid mellom næringa, landbruksavdelinga og næringsavdelinga i Alver kommune
Sikre auka kapitaltilgang til næringsutvikling og verdiskaping	Analyse	Samarbeids-partnar	Vi skal gjere det attraktivt å drive og etablere verksemder og næringsklynger i Alver	Gjennomføring av analyse saman med næringslivet i forhold til behov for investorkapital i regionen



4.2.2 Velkomen til attraktive Alver! Tiltak 2023 – 2024

Alver er ein ung kommune i nærleiken av landets nest største by. Vi må profilere oss som ein attraktiv kommune for busetting, arbeid, næringsetablering og det gode liv.

Tiltak og aktivitet	Type oppgåve	Kommunen si rolle	Mål og strategiar i samfunnsdelen	Kommentar
Utarbeide ein regional profileringsstrategi for Nordhordland	Prosjekt	Prosjektleiari	Vi vil at det skal vere godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdier i Alver kommune, med vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter	Oppfølging av regional næringsstrategi
Gjennomføre prosjektet Næringsvenleg kommune	Prosjekt	Prosjekteigar	Vi skal vere ein imøtekommande og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får god informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester Vi skal utvikle kanalar og verktøy som sikrar god kommunikasjon og samhandling med innbyggjarar og næringsliv	Dette prosjektet skal bygge vidare på kommunen sin kanal- og servicestrategi. Vi må tydeleggjere servicenivå og korleis forvaltninga skal jobbe saman med næringslivet



Vere ein pådrivar og støtte initiativ som bidrar til bygging av svømmehall og kulturhus i Knarvik	Diverse prosjekt og prosessar	Prosjektleiar , deltakar og samarbeids-partnar	Vi skal samarbeide med næringsliv og frivilligheita for å få på plass eit regionalt kulturhus og svømmehall.	Kommunen skal støtte initiativet frå Alverbadet AS og vurdere oppstart av ein prosess for eit regionalt kulturhus.
Bruke biosfærestatus i regional profilering og koordinere innsats for tettare kopling mellom biosfæreprosjektet og industrinæring	Utreiing	Prosjekteigar	Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde og vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri.	Nytte ressursar og empiri frå biosfæreprosjektet.
Delta i nasjonale ordningar om utbygging av digital infrastruktur	Søknads-prosess og utbygging	Søklar og samarbeids-partnar	Vi skal sikre digital infrastruktur i heile kommunen.	Vi skal delta i NKOM sin utlysingsprosessar.
Satse vidare på næringsfondet som eit verktøy for næringsvekst i Alver	Sakshandsaming og tildeling	Forvaltar	Næringslivet i Alver er mangfaldig og konkurransedyktig.	Vi skal støtte nye initiativ og etablerte bedrifter som ønskjer å utvikle seg
Det vil bli gjennomført ei kartlegging og analyse av potensial og satsingsvilje for utvikling av eit berekraftig reiseliv i Alver. Oppgåvene vil bli gjort i samarbeid Visit Bergen og andre samarbeidspartnarar i regionen	Samarbeid	Deltakar og samarbeids partnar	Vi skal bidra til at reiselivet utnyttar potensialet til å utvikle og byggje opp nye attraktive opplevingar	Samarbeid med utgangspunkt i samarbeidsavtalen med Visit Bergen



Samarbeide tettare med "Matbyen Bergen"	Samarbeid	Deltakar	Vi skal støtte utvikling av tilleggsnæringar innan landbruket	Samarbeid med Bergen kommune
Det blir etablert ein samarbeidsarena mellom næring og kultur i Alver, frivillige aktørar og relevant næringsliv, for å drøfte samarbeid om ulike attraktivitetstiltak, til dømes innan friluftsliv	Samarbeid	Samarbeids partnar	Vi skal ha attraktive tilbod og møteplassar som seinkar terskelen for å delta innan kultur og idrett.	Tverrsektorielt samarbeid
Jobbe tett saman med Meland Golf, knytt til framtidig utvikling av områder og aktivitetar	Samarbeid	Deltakar og samarbeids -partnar	Vi skal gjere det attraktivt å drive og etablere verksemdar og næringsklynger i Alver	Samarbeide med Meland Golf
Det blir gjennomført ei eiga analyse av kulturnæring i Alver. Analysa skal beskrive potensialet for denne næringa og er eit samarbeid mellom Alver kommune og aktuelle næringsaktørar. Dette tiltaket bør også vere ein del av kommunedelplan for kultur	Analyse	Samarbeids -partnar	Vi skal støtte opp om eit mangfaldig lags- og kulturliv	Gjennomføring av analyse saman med kulturavdelinga
Følgje opp innkjøpsstrategi og bygge opp kompetanse i næringslivet om off. Innkjøp. I samband med økonomiplan-prosessen må kommunen auka kapasiteten på	Samarbeid	Deltakar og pådrivar	Næringslivet i Alver er mangfaldig og konkurransedyktig	Samarbeid med Nordhordland næringslag



innkjøpsområdet, slik at kommunen kan følge opp måla og strategiane rundt samarbeid med lokalt næringsliv				
---	--	--	--	--

4.2.3 Rett kompetanse til morgondagens næringsliv. Tiltak 2023 – 2024

Alver kommune må vere i forkant for å utvikle kompetanse tilpassa nye behov, og her må har kommunen som skuleeigar vere aktiv inn mot eigen ungdom. I ei tid med knappheit på arbeidskraft og kompetanse, må vi ha tydelege strategiar og tiltak for å møte tilbod og etterspurnad.

Tiltak og aktivitet	Type oppgåve	Kommunen si rolle	Mål og strategiar i samfunnsdelen	Kommentar
Kartlegge og vurdere behovet og interesse for å etablere kompetansenettverk, HUBar og klynger	Utgreiing	Prosjekt-eigar eller deltakar	Vi skal etablere og vidareutvikle samarbeid mellom kommunen, næringsliv, utdannings- og forskingsmiljø om kompetanseutvikling og innovasjon	I samarbeid med næringslivet.
Utarbeide ein ungdom skulestrategi som skal styrke kunnskap om lokalt næringsliv, utdanningsval, entreprenørskap og rettleiingstenesta.	Prosjekt	Prosjekt-eigar	Vi skal jobbe for å tiltrekke og utvikle rett kompetanse og arbeidskraft	Må vere i samarbeid med Alver som skuleeigar og næringslivet. Dette tema må også vere ein del av oppvekstplanen til Alver. Som ein del av ungdomsskulestrategien, blir det vurdert samarbeid med Erasmus+ i forhold til utveksling og kompetansekartlegging



Gjennomføre og oppdatere kunnskapsgrunnlag om framtidige kompetanse- og utdanningsbehov – med særleg fokus på det grønne skiftet, industrikompetansen på Mongstad og industriell symbiose	Prosjekt	Prosjektleder eller deltakar	Vi skal jobbe for å tiltrekkje og utvikle rett kompetanse og arbeidskraft	Kan dette vere eit samarbeid saman med Vestland fylke?
Vurdere nye modellar for desentralisert utdanning	Prosjekt	Prosjektleder eller deltakar	Vi skal jobbe for å tiltrekkje og utvikle rett kompetanse og arbeidskraft	Vi må i større grad skreddarsy tilbod til behova i enkeltverksemdene. Tett samarbeid med Nordhordland næringslag
Etablere eit nettverk for nye bønder i landbruket der bønder hjelper bønder	Etablere møteplass	Pådrivar og Tiltretteleggjar	Vi skal ha ei sterk landbruksforvaltning Kommunen skal yte god hjelp og støtte til å ta vare på og vidareutvikle eit robust, lokalt landbruk som er i stand til å produsere viktige matvarer med god kvalitet	Kompetansebygging i landbruket skjer i stor grad mellom bøndene. Fokus i nettverket skal til dømes vere møteplassar, kompetanseutvikling og digital utvikling



4.2.4 Byggje strategiske nettverk og samarbeid. Tiltak 2023 – 2024

Ein ny storkommune som Alver i regionen skapar ny dynamikk mellom aktørane. Alver må derfor ta ein ny regional rolle og byggje nye strategiske nettverk og samarbeid, som kan bidra til at kommunen og regionen når utviklingsmåla sine.

Tiltak og aktivitet	Type oppgåve	Kommunen si rolle	Mål og strategiar i samfunnsdelen	Kommentar
Etablere ein regional utviklingsarena i Nordhordland for ulike utviklingsaktørar	Etablere nettverk	Deltakar og pådrivar	Vi skal etablere og vidareutvikle samarbeid mellom kommunen, næringsliv, utdannings- og forskingsmiljø om kompetanseutvikling og innovasjon	Vidareutvikle gruppa som jobba med regional næringsstrategi
Delta i prosjektet "Havbyen Bergen"	Prosjekt	Deltakar	Vi skal bidra til utvikling av nye næringar på område der kommunen og regionen har eit fortrinn, til dømes med Mongstad og Region Nordhordland helsehus	Dette er eit stort prosjekt for sentrale aktørar i Bergensregionen. Målet er å utvikle havnæringane i vår region. Her bør nabokommunar til Bergen delta
Utvikle samarbeidet med Nordhordland næringslag, Industriutvikling Vest, Invest in Bergen og Kompetanseforum Nord	Samarbeid	Samarbeids-partnar	Vi skal jobbe for å tiltrekke og utvikle rett kompetanse og arbeidskraft	Inngå samarbeidsavtalar
Evaluerer samarbeidet med verkemiddelapparat og ulike nettverks- og bransjeorganisasjonar	Utgreiing	Prosjekteigar	Vi skal etablere og vidareutvikle samarbeid mellom kommunen, næringsliv, utdannings- og forskingsmiljø om kompetanseutvikling og innovasjon	Dette gjeld avtalar kommunen har gjennom regionrådet og andre aktørar (Eks. Visit Bergen)



4.2.5 Oppfølging og rullering av handlingsplanen

Handlingsplanen skal rullerast hvert år i samband med økonomiplanarbeidet. Prioritering og finansiering av aktuelle prosjekt blir avklart gjennom i økonomiplanen, og følgt opp i verksemdsplan.